
Fra: Bernt Olav Fjellanger <bofje@statoil.com>
Sendt: 9. mai 2016 11:16
Til: Postmottak Lindås
Emne: Høyring på utbygging av breiband

Svar på høyring om utbygging av breiband

Me i Kløvheim Bygdelag ønskjer at strekninga Myking - Eikanger vert prioritert. Me har mange i vår bygd som har svært begrensa kapasitet på eksisterande breiband. Dette er kritisk for bedrifter og for private i dagens samfunn. Veldig mykje er basert på internett og ei betring av kapasiteten er svært nødvendig.

For å få tilflytting til ei bygd så må det være god tilgang og god kapasitet på breibandet. Me har 3 ferdig regulerte tomteområder i bygda no. Viktig at dette ikkje blir flaskehalsen for folk som ønskjer seg å bygge i bygdene i kommunen vår.

Mobildekninga vår er også dårleg, og dette har me prøvd å ta opp gjennom mange kanalar. Me er no lova ei betring til hausten etter at Strilen laga sak om dette. <http://www.strilen.no/nyheiter/Har-vore-utan-telefon-og-internett-i-snart-to-dagar-419004.html>

Ser fristen for høyringa var 8. mai, men internett tilgangen min virket ikkje i går kveld når eg skulle svare så derfor bruker eg lunchen min i dag på jobb for å sende svar på høyringa.

Med vennleg helsing

Bernt Olav Fjellanger
Leiar Kløvheim bygdelag

The information contained in this message may be CONFIDENTIAL and is intended for the addressee only. Any unauthorised use, dissemination of the information or copying of this message is prohibited. If you are not the addressee, please notify the sender immediately by return e-mail and delete this message.
Thank you